



Yngre pensjonisters spadzer og turforening samla ved minnesteinen på Stjerneplassen.

Den kultur- og friluftinteresserte gruppa Yngre pensjonisters spadzer og turforening frå Rosendal var på tur til Uskedalen i dag. Etter eige ynskje vart det lagt inn stopp og omvisning på Kvinnherad Vekstbedrift, i tillegg til kulturvandring i sentrum. Gruppa tel til saman 15 medlemmer og dei møtest kvar tysdag til tur i og utanfor kommunen.

Gunvald Friheim frå Uskedalen er medlem i gruppa. Han hadde ansvar for turen i dag og hadde i forkant gjort avtale med Kristian Bringedal som guide. På turen vart det lagt vekt på kulturhistorien i sentrum, særleg med vekt på handel, D/S ekspedisjon, hermetikk- og sildoljefabrikkane og anna form for næring. Turen gjekk både nedom Myklebust kai og Beinavikjo. I Beinavikjo fekk ein sjå ei maritim leileghet og høyra historien Ei sjømanns grav på Curacao.



Nokre av medlemene syner stor interesse for det dagleg leiar, Tor Vidar Sæle, fortel om palleproduksjonen på Kvinnherad Vekstbedrift. Etter tur ned Geilo og rundt Neset vart dagen avslutta på Stemneplassen med informasjon om krigshendingane i Herøysundet og Uskedalen april dagane 1940.

Gunvald Friheim fortel til Uskedalen.no at gågruppa har tur kvar tysdag heile året bortsett frå i feriane. Gruppa går over alt i Kvinnherad, men er ofte på tur til dei andre kommunane i Rogaland og Hordaland. Det vert gjort slik at medlemmer som anten er frå plassen eller har gode kontaktar, legg opp tuen. Arne Handegard frå Jondal tek ansvar for Kvam, Jondal og Strandebarm. Birger Espeland finn gode turmål i Indre Hardanger. Christen Tore Christenesen legg opp turane på Bømlø og til øyane i Sunnhordland.

Yngre pensjonisters spadzer og turforening har ikkje eige styre. Det er fungerer best med såkalla flat struktur.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal